

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sola

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Røped

Gard: Tjelta

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Nils Nilsen Tjelta, f. 1880 på Tjelta og boude der.

SVAR

I

A.

1. Dei har særlega lyng til fôr på Tjelta. Dei tok den som varam når dei såg at dei fekk for lite fôr. Det vart slutt med dette fôr første verdenskrigen.
2. Dei tok lyngen som varam, og det heiter å slå lyng, lyngslått.
3. Dei nytta sin vanleg tjå når dei slo idelyng til fôr. Når dei slo berrelyng, nytta dei lyngtjå. Dei kinnse og riva berrelyngen med hendene. Det skulle helst vera slutt av dei slo lyng, både for slatten og fordi det var så vanskeleg å raka den sånnan når det var for ujamnt. I alle tider røykte det hardest på rivene.
4. Det var mannfolk arbeid.
5. Dei kinnse slå lyngen 4-5. kvart år. Ofte vaks det opp melleberlyng sånnan med idelyngen; desse melleberlyngen rekna dei

for ringt för.

6. Dei kjöpte adelyngen laus heim i kjerra
7. Dei la den i loa og brukte den etterkvart.
8. Adelyngen gav dei til krea og hesten. Den vart hakket opp.
9. Både krea og hesten likte godt lymphakket, men N.N.T. har ikkje høyrte at kjeven smaka godt av lymgen. Dette er elles kjent andre stader i sola og grannbygdar.

B.

N.N.T. har høyrte at på ferden dreiv dei hestane like opp mot Synesvarden om vinteren, men han har ikkje høyrte at nokon på Tjella har hatt dyp røle om vinteren. Tøl og mud sauen hadde dei inne om vinteren, for dei ville så gjerne ha mykje hevd. N.N.T. meiner det var gale, for det vart så elendige sauer av det.

II.

Ukjent.